



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Hyllestad sokn

# ÅRSRAPPORT 2016



**HYLLESTAD SOKN**

Hyllestad kommune har eitt sokn med eitt sokneråd som har ansvar for både soknerådssaker og fellelrådssaker, ansvar etter både §9 og §14 i kyrkjelova.

§ 9; Kyrkjeleg verksemd, gudstenester, vigslar og gravferder.

§ 14; Økonomi, administrasjon, personale, tre kyrkjer og eitt kapell, tre kyrkjegardar.

Årsrapporten er eit samarbeidsprosjekt av sokneprest, kyrkjevevjerje, trusopplærar, soknerådsleiar og sekretær. Alle har gitt viktige bidrag om den gode kyrkjelege aktiviteten i Hyllestad sokn.

Hyllestad sokneråd har 6 faste medlemmer og 5 varamedlemmer.

Jostein Ryland (leiar), Liv Kristine Solheim (nestleiar), Marion Brendehaug, Brit Inger Skaar, Unni Systaddal og Steinar Urnes.

Varamedlem: 1. Odd Takle, 2. Reidun Skår, 3. Joakim Systaddal, 4. Rune Risnes, 5. Olaug Brendsdal

1. vara er alltid innkalla til møte og har møtt fast

Geistleg representant: Audun Systad. Personleg vara: prost Reidar Knapstad.

Kommunal representant: Rune Risnes. Personleg vara: Eva Mette Olsen Høie

*Når soknerådet handsamer saker som i «kommuner med flere sokn tillegger kirkelig fellelråd» skal det møte ein representant frå kommunen. Jfr KL § 6, 2. ledd.*

### Tilsette

Kyrkjeadministrasjon: 0.75 årsverk frå 1.5.2016. Auka opp dei 10% som mellombels var redusert for å spare pengar. Dei 2 % klokkearsursane som tidlegare var lagt til kyrkjeadministrasjonen er kutta. Kyrkjevevjerje 25%, Irene Fløde –innleigd frå Fjaler som dagleg leiar med hovudansvaret, mellom anna for økonomi. Sekretær 50%, Aslak Åm Sognnes som også har ansvar for gravplassar inkl. festeavklaring. Han avlastar kyrkjevevjerje og har noko praktisk tilsyn med kyrkjer og kyrkjegardar.

Kyrkjer: 0,75 årsverk: Kyrkjetenar 40%, Gunvor Instefjord og organist 35%, Erling Akse.

Sokneprest Audun Systad har òg i 2016 hatt 60% av stillinga si i Hyllestad sokn. Bjørgvin bispedømeråd er soknepresten sin arbeidsgjevar.

I tillegg har Systad vore 40% i Nordhordland. Fram til 1.september var han og sokneprest i Brekke sokn i Gulen. Etter det har han gjort einskildteneste i Gulen, Solund og Masfjorden. I desember 2016 vart det kjent at dette området no får tilført ein ekstra prestestilling, og med noko kommunal finansiering. Frå 1.august 2017 får då Audun Systad heile stillinga si i Sunnfjord prosti. Han har ,til sin arbeidsgjevar, gjeve uttrykk for at han då vonar å kunne bruke meir enn 60 % i Hyllestad. Erfaringa er at det er ønskeleg , sidan ein ikkje lengre har diakon i soknet. I alle høve vert det då kortare reiseavstand med den nye ordninga.

Soknepresten er representert i arbeidet med reorganisering av kommunen sitt kriseteam. Eit arbeid som det er blitt arbeidd ein del med.

Trusopplæring, interkommunalt samarbeid: 1,0 årsverk: kyrkjelydspedagog 100%, Toril Lange. Hyllestad sokneråd har arbeidsgjevaransvaret. Toril Lange arbeider 25% hos Hyllestad sokneråd, 50% hos Høyanger kyrkjelege fellelråd og 25% hos Det Norske Misjonsselskap – NMS. Hyllestad si finansiering er statstilskot og restfinansiering med innsamla midlar.

### Kyrkjekontoret

Kyrkjeadministrasjonen og soknepresten har gode kontor i tredje etasje på kommunehuset, men dessverre er lokala altfor lite lydtette, slik at det er vanskeleg for soknepresten å ha fortrulege samtalar på kontoret sitt. Kommunen har førespegla mogeleg isolering i samband med isolering av kommunale kontor, men det er framleis på vent.

### Soknerådsmøte - saker

Soknerådet hadde seks møter og handsama 53 saker.

Årlege saker er budsjett, økonomiplan og rekneskapssaker, samt årsrapport. Det er òg gudstenesteplan og offertildeling.

Av andre saker kan vi nemne: Oppretting av diverse utval som Trusopplæringsutval, Gudsteneste- og diakoniutval, tilsynsnemnder for kyrkjebygga, Jubileumsnemnd - Bø kyrkje 150 år i 2018. Ny godkjenning av lokal gudstenesteordning – Normalordning for Hyllestad sokn Soknerådsbasar 2016, Fasteaksjonen – praktisk gjennomføring, Sponsing av minikonfirmantar på leir, Breibandløysing Hyllestad kyrkje. Klage på krav om festeavgift. Andre saker det har vore jobba med vert nemnt under den aktuelle tenesta.

Soknerådet var nytt hausten 2015, og medlemmer frå rådet deltok i februar både på soknerådskurs og fellesrådskurs i Førde.

### Soknemøte

Hyllestad sokn sin årsrapport vart lagt fram for kyrkjelyden i forlenging av gudstenesta i Hyllestad kyrkje 10. april. Dette var same helga det var kulturhelg i kyrkja. 26 stk. stogga att og var med på samlinga. Nestleiarer i soknerådet, Liv Kristine Solheim, sokneprest Audun Systad og kyrkjeservere Irene Fløde orienterte om innhaldet i rapporten. Vi takkar Åfjordalen bygdekvinneleg som hadde ordna med kyrkjekaffi.

### **LIVSRITER**

	2013	2014	2015	2016
Dåp	9	11	14	9
Dåp - busette i Hyllestad	9	10	8	7
Konfirmant	21	20	18	18
Vigsel	1	1	3	3
Gravferd	17	19	16	10

Tala syner stabilitet – lite variasjon dei siste fire åra. Dette med unnatak av gravferder. Det er lenge sidan det har vore så få som dette året.

### **BARNE – OG UNGDOMSARBEID**

Det er mykje spennande som skjer i det viktige arbeidet med å legge til rette for at born og unge skal få leva og veksa i den kristne trua. Borna vert invitert til ulike trusopplærings tiltak og for ungdomane er det konfirmantopplegg og Ungdomsklubben «Solution.»

Soknet har godkjent trusopplæringsplan frå 16.01.2013 som vi delvis gjennomfører. Mange av trusopplærings tiltaka i planen er knytt opp mot gudsteneste.

#### **Følgjande trusopplærings tiltak frå planen er gjennomført i 2016**

**4 årssamling og hausttakkefest** med utdeling av Mi kyrkjebok 4. 3 av 4 inviterte born var med på 1 eller begge samlingane.

**5-årssamling** med kyrkjerottefilm og lego: Dette året var det berre 2 kyrkjerottesamlingar mot 3 tidlegare år. I tillegg var det diplomutdeling på familiegudsteneste/lysvaken-gudstenesta i november. 6 born var med på 1 eller fleire samlingar. Det var lettare å få med borna/foreldre når det berre var 2 samlingar i løpet av 2-3 veker.

«**Førsteklasses**» - er samling ein ettermiddag og familiegudsteneste med utdeling av Mi kyrkjebok 6 . 6 «førsteklasses» born var med.

**Barnegudsteneste** er ei kvardagsgudsteneste tilpassa dei yngste borna. Alle som var inviterte til 4-, 5- eller førsteklasses-samling hausten 2015, fekk i januar ein spesiell invitasjon til barnegudsteneste ein onsdagsettermiddag. Gudsteneste varte ca 30 min. Songar og tekstar var henta frå Mi kyrkjebok 4 og 6. Vi avslutta med å ete kvelds i lag. 5 av dei spesielt inviterte kom, i tillegg kom det søsken og nokre foreldre, besteforeldre.

**Tårnagenthelg** med samling i Øn kyrkje på laurdag og tårnagentgudsteneste i Hyllestad kyrkje søndag. Dette var andre gong ein hadde tårnagenthelg for 2 årskull, og dette fungerer veldig bra. Dvs. at alle får no høve til å vere tårnagentar både i 3. og i 4. klasse. Laurdag var ein i Øn kyrkje, sidan det der er lov å gå opp i kyrkjetårnet. Tårnagentgudstenesta var i Hyllestad kyrkja sidan det der er enklare med kyrkjekaffi og det tekniske. Mange foreldre bidrog på ulike måtar og var med å gjere helga til ei god oppleving. Takk!

**Bibelutdeling** var på gudsteneste i samband med oppstart av minikonfirmantar. 12 biblar vart utdelt på gudstenesta, dessutan 3 på minikonfirmantsamling seinare.

**Minikonfirmantopplegget** for 10/11-åringar(5. klasse) er: presentasjon på gudsteneste m/bibelutdeling, 4 samlingar i Hyllestad kyrkje rett etter skuletid onsdagar, weekend og gudsteneste med diplomutdeling. På weekenden i april var ein saman med minikonfirmantar frå Høyanger, Gulen og Solund. 15 av 16 inviterte var med på minikonfirmantopplegget. Det var ein fantastisk minikonfirmantgjeng.

**LysVaken** vart avlyst hausten 2015. Difor fekk både 6. – og 7. klassingar høve til å vere med på LysVaken denne gongen. 15 takka ja. Mange bidrog til at det vart ei kjekt døgn i kyrkja. Men som alltid var det vanskeleg med nattevakter.

I tillegg til tiltaka i trusopplæringsplanen, kan ein nemne:

Det er no bestemt at **5.-7. klasseklubben** er nedlagt. Klubben vart starta hausten 2003 og hadde si siste samling våren 2015. Ei stund var det 2 klubbar – ein for 5.-7. klasse og ein ungdomsklubb. Mange har vore innom klubben i løpet av desse åra

### **Trusopplæringsutval**

I juni oppretta soknerådet eit trusopplæringsutval (TOL) for Hyllestad sokn. Med i utvalet er Unni Systaddal, Liv Kirsten Mjell Hofsvik, Anfrid Misje Åsmul, Kari Systad og kyrkjelydspedagog Toril Lange. Utvalet har hatt 1 møte der ein først og fremst såg på tiltaka som var i gang og kva ein vil invitere til i 2016/2017. Det er no 4 år sidan trusopplæringsplanen vart vedteken. Ei viktig oppgåve for TOL er å justere og eventuelt revidere planen. Ein må også sjå på kva som fungerer og kva ein ikkje får til fordi føresetnadane har endra seg.

Hyllestad kyrkje er ein god stad å ha samlingar. Born, unge og foreldre trivst godt der og dei føler seg heime i kyrkja. Multimediamanlegget lettar arbeidet mykje. Kyrkja er god til mange ulike aktivitetar. Her kan vi ete, sove, leike, sjå film, be og ha gudsteneste.

I kyrkjelyden er det nokre eldsjeler med omsyn til trusopplæring – ei stor takk til dykk. I tillegg er det mange positive og viljuge foreldre som stiller opp på einskildtiltak når borna deira er med. Takk også til konfirmantar som har vore med som ungdomsleiarar på nokre av arrangementa. De gjer ein flott og viktig jobb!

### **Vegen vidare:**

For at ein skal lukkast vidare med det viktige og spennande arbeidet, så er fleire medarbeidarar og fleire med eigarforhold til trusopplæringsplanen ein føresetnad.

## Ungdomsklubben «Solution Hyllestad».



Ungdomsklubben er godt etablert og har hatt jamlege klubbkveldar annakvar fredag i vår og haustsemester 2016. Ungdomsklubben sitt offisielle namn er Solution Hyllestad. Namnevalet er ikkje tilfeldig, ein ynskjer å syne ungdommar at Jesus er løysinga og har det som fokus i arbeidet. Styret består av 5-ungdommar i klubben med soknerådsleiar som sekretær.

Ein føl i hovudsak skuleåret sin kalender med avslutting 3. juni og ny oppstart 26. august. Noko tilpassing blir det til andre aktivitetar og spesielle helgar, og i vår hadde vi i alt 7 klubbkveldar + tur til Askøy Misjonsmenigheit den 3. juni, som siste Solution kveld for vår-semesteret. Vi har utvikla eit nært og godt samarbeid med ungdomsklubben Solution Askøy som tilhøyrer Askøy Misjonsmenigheit.

I haust starta vi opp igjen 26. august og har, med unntak av den helga vi var på leiartur til Stockholm, hatt klubbkveldar annakvar fredag, dog med ein ekstra klubbkveld laurdag den 12. november, då vi hadde besøk av erfaringskonsulent innan rus, Inger Krogh, frå Stavanger. Også i haust hadde vi besøk frå Askøy, og I desember var Maria Oftedal frå Bergen og fylgde opp fokus frå Base Camp arrangementet me hadde i haust, og snakka om identitet.

Vi har hatt mykje fokus i 2016 på å inspirere dei mest aktive og dei som er ei leiargruppa i klubben. I større og større grad er det no ungdomane sjølve som styrer klubbaktiviteten, dei vel ut songar, musikk, og set agenda for tema. Nokre gonger har også ungdommane (aldersgruppe 15-17 år, dei mest aktive) hatt andaktar, noko som er svært tilfredstillande for dei og som dei veks på som leiarar. Vi har ei gruppe vaksne som støttar opp om ungdomsklubben, og som dei fleste gonger, har ansvar for andaktsdelen. Men vi har òg invitert eksterne ressurspersonar til å ha andakt.

Dette året har vi g hatt særskilt fokus på at vi skal ta vare på dei mest aktive og som er typiske framtidige leiareme i klubben. Ein har difor lagt til rette for, både praktisk (transport, reise) og økonomisk (bilettar, overnatting mv.), at dei som ynskjer, kan delta på inspirasjonssamlingar i lag med andre ungdommar. Hyllestad er ein liten plass, og det å vekse opp som kristen ungdom i alderen 13++ kan nok ofte ha vore forbunde med ein god del av einsemd. Det har difor reist ungdommar til ungdomsarrangement: Radiance Bergen, Påskeleir Dyrkolbotn, Campo Dyrkolbotn og Awakening Europe i Stockholm (dette siste vart mogleg då 2-vaksne foreldre tok ansvar og reiste i lag med dei frå fredag til sundag, desse to kosta si eiga reise og opphald utanom klubben sin økonomi). Vi ser no at dette har vore riktig då desse ungdommane er sterke pådrivarar i klubben, og no også ynskjer å ta leiaransvar inn mot anna aktivitet for yngre ungdom lokalt.

Vi har vidare investert i musikkutstyr til band (el.piano/el.trommer/monitorar) som saman med eksisterande utstyr utfyller behovet for musikkutstyr til band. Vi har hatt litt av/på aktivitet med bandet grunna ungdom som reiser vekk, nokre kjem tilbake i helgar, men mange blir vekke på skule i lengre periodar, slik at vi må rekruttere nye frå ungdomsmiljøet frå ungdomsskulen. Med dette vonar vi no å få betre drift i vidare i 2017.

Vi har også lukkast å få på plass budsjetterte midlar knytt til eigenfinansiering, og saman med tildelinga frå OVF har vi hatt økonomi til å gjennomføre planlagde tiltak. Framover for 2017 vil ein ha fokus på å halde oppe den gode aktiviteten, og ha fokus på rekruttering, leiartrening, og band aktivitet m. song og musikk. Utover dette ser ein og at via dei ungdommane i klubben som no er starta på vidaregåande skule, og som framleis bur heime, oppnår ein eit breiare kontaktnett med ungdom frå nærliggande kommunar og sokn. Dette kontaktnettet ynskjer ein å jobbe vidare med, både for å få dei med på våre klubbkveldar, men og



søke å gje dei inspirasjon til å starte aktivitetar, eller styrke dei aktivitetar som alt er, i sitt lokalmiljø.

### **Base Camp**



Base Camp 2016 vart gjennomført helga 7-9. oktober etter vedteke program, sjå eige vedlegg. Styret i ungdomsklubben Solution Hyllestad, i lag med Marcus Vindenes og Joakim Birkeland frå Solution Askøy, var ansvarlege for planlegging av arrangementet.

Base Camp 2016 sitt hovudtema var kristen identitet, og dei som vart invitert til å ha møte/gudstenesteleing fekk då dette som oppgåve tema. Ein gjorde lokale avtalar med Hyllestad kommune om lån av skulen for overnatting og måltid, samt med Norsk Kvernsteinsenter og Hyllestad Idrettslag for bruk av Kvernsteinsparken og idrettsanlegget til aktivitetar på dagtid laurdag. Utover dette var Hyllestad kyrkje hovudarena for alle møter / gudstenester / samlingar denne helga.

Arrangementet samla ca. 60 ulike ungdommar på dei ulike møta/aktivitetane, ikkje alle var med heile helga, men ca. 40 stk. var med frå fredag til søndag, og 36 overnatta frå fredag til søndag på skulen.

Fredag kveld og søndag føremiddag var det ope møte/gudsteneste i kyrkja, der alle som ynskte kunne komme og delta, medan aktivitetane laurdag var kun ope for dei som var påmeldt til helga. Som ressursgruppe og medhjelparar til gjennomføring av arrangementet deltok 10 stk. frivillige vaksne til oppgåver med mat, vakthald, organisering, tilrigging, opprydding og reinhald.

Arrangementet er evaluert og oppsummert som svært vellukka. Det vil likevel bli gjort mindre justeringar for neste år, mellom anna gå ut tidlegare med informasjon til aktuelle deltakarar.

Vi vil vurdere investering i utstyr som er naudsynt å leige i dag, mogleg å «snu dette rundt» slik at vi kan vere utleigar av ulike utstyr til musikk / aktivitetar.

Det var i år ungdommar frå Hyllestad, Fjaler, Høyanger, Askøy, Bergen, Haugesund og Lindås med på arr. Den generelle tilbakemeldinga var at alle kom igjen neste år og ville jobbe for å ta med seg fleire av sine vener lokalt.

### **Konfirmasjonsundervisning**

I 2016 var det konfirmasjonsgudstenester i alle dei tre kyrkjene i soknet. Det er god oppslutning om kyrkjeleg konfirmasjon i Hyllestad.

Ein har vidareført samarbeidet med Lavik, med undervisning i Hyllestad kyrkje annankvar torsdag. Denne kyrkja er særst godt eigna, sidan det er enkelt å flytte stolar. I løpet av året har ein bytt opplegg frå «Følg meg» til opplegget «Delta» som IKO gjev ut. Ein har freista ta med styrken frå det første opplegget, med mykje gruppearbeid, inn i det nye opplegget, der det er gode hjelpemidlar for undervisning på skjermen i kyrkja. Det er eit opplegg som har ei moderne form med artige filmsnuttar i kvar samling. Kvar samling tek til med opning og avslutning kring lysgloben.

I 2016 var det og ein vellukka leir på Alværa, saman med Balestrand og Bjordal. I oktober var det nattcup i Førde. Kullet 2016/2017 oppnådde denne hausten å vinne heile turneringa i guteklassen, noko som naturleg nok var ei bragd for ein såpass liten stad. Pokalen står på kyrkjekontoret. Hausten 2016 starta i alt 25 konfirmantar undervisning, av dei 18 frå Hyllestad. I tillegg til sokneprest i Hyllestad, er sokneprest i Lavik, Andreas Ester, trusopplærar Toril Lange og dei to frivillige medarbeidarane frå Hyllestad, Kirsten Gravdal Ryland og Linda Ølmheim, med. Det at ein er eit såpass stort konfirmantteam, gjer at det ikkje er fullt så sårbart om nokon

av og til ikkje har høve å vere med. Det at ein kan spele på dei ulike gåvene den einkilde leiar har, er og viktig.

Kullet 2015/2016 hadde mange evner knytt til song- og musikk. På temagudstenesta 17.april i Hyllestad kyrkje, kom dette fram på ein flott måte, med tema om «Kjærleik». Deltakinga i ord og tonar vart sett stor pris på



## GUDSTENESTELIV – SAMARBEID SKULE-KYRKJE – EIKLUND HYLLESTAD OMSORGSSENTER

### Gudstenester

	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	2016
Gudstenester – totalt i Hyllestad sokn				
inkl. kvardagsgudst, barne og skulegudst.	60	53	50	56
Frammøte totalt	3037	2915	3086	2979

### Gudstenesteliv i Hyllestad

Det var litt fleire gudstenester i 2016 ( 56) enn i 2015 (50). I desse tala er det då og rekna med gudstenester utanom høgmessa. Likevel syner tala for frammøtet at det har gått litt ned.(Frå 3086 til 2979) I 2016 hadde ein eit jamnt år, men til dømes færre dåpar kan ha virka inn på frammøtet. Samstundes viser statistikken at talet på nattverdsgjester har auka. Det er gledeleg. Gledeleg er og at det har komme meir inn i takkoffer.

Frammøte på julaftangudstenestene var og noko høgare i 2016 ( 241), enn 2015 (222)

### Tid for tru

Noko som gjer at talet på gudstenester auka, var at ein året 2016 hadde i alt fem **Tid for tru – kveldar** i Hyllestad kyrkje. Dei var alle på torsdagskveldar, og talde med som gudstenester. Dette var trusopplæring for vaksne med liturgisk opning og avslutning. Soknepresten var ansvarleg. Det var og sosialt samvær med god mat, med fleire frivillige medarbeidarar som gjorde ein framifrå jobb. På den måten hadde samlinga og eit diakonalt aspekt. Desse samlingane vart godt mottekne, og dei vart avslutta om våren. Biskopen har tala varmt om slike samlingar i kyrkjelydane.

På siste Tid-for tru-samlinga snakka ein om vegen vidare. Det vart uttrykt ønskje om fleire liknande samlingar, og også samlingar med song- og musikk ville ein prioritere,. På hausten var det eit par songgudstenester, med fleire som var involverte både med song og diktlesing. Håkon Giil hadde ansvar for ein Matias Orheim-kveld i Bø kyrkje.

### Bønesamlingar

Samlingar med bøn vart og etterspurt , og i mai starta ein opp med bønesamlingar, med song og samtale i Hyllestad kyrkje onsdagskveldar. Her har det vore varierende frammøte, men ofte ein trufast flokk som har samlast. Det er verdifullt for ein kyrkjelyd å ha nokon som prioriterer å be for arbeidet!

### Involvering

Det er elles rett å seie at i 2016 har arbeidet med involvering i gudstenestearbeidet fortsett. Konfirmantane har i aukande grad vorte nytta som kyrkjevertar.

Det har ofte vore med nokon som har sunge eller spela instrument i gudstenestene. Koret «Fjordklang» har medverka, både på 17.mai og julekonsert. «Balsam» var på ny med Helgemessesøndag med «Sommerlandet». Dei musikalske innslaga gjer gudstenestene rikare!

Som det er nemnt tidlegare i årsrapportane , er satsinga i høve til trusopplæring ei viktig årsak til gudstenesteframmøte i Hyllestad dei siste åra. Det er flott at desse tiltaka vert knytt til gudstenestefeiring. Ikkje sjeldan er det og bønemandring ved slike gudstenester, og det er med og aktivisere kyrkjelyden på ein fin måte. Foreldre og familie er flinke til å vere med borna på slike gudstenester. Skulle ein komme med ei utfordring; måtte det bli at det er viktig at kyrkjelyden elles sluttar opp om desse gudstenestene, slik at dei som er i dei aktuelle fasane kan møte ein levande og aktiv kyrkelyd, og at ein får lyst å vere ein del av den!

Å vere med og gjere einskildmenneske, både born, unge og vaksne, meir medvitne på eigne nådegåver og naturgåver, er ei viktig oppgåve framover for kyrkjelyden.

Samstundes som det er flest gudstenester i Hyllestad, så freistar ein å halde på talet på gudstenester i Øn og Bø slik som dei siste åra.. Framover bør det arbeidast målmedvite med ei fornying av gudstenestelivet, samstundes som ein tek vare på lokal tilknytning og historie.

I løpet av året vedtok gudsteneste – og diakoniutvalet at det i dei fleste gudstenester skal vere kyrkjekaffi, gjerne på enkelt vis. Erfaringa er at dette har vorte godt motteke.

### **Samarbeid kyrkje - skule barnehage**

Hyllestad kyrkje har ei sær god plassering mellom skulen og barnehagen på Hyllestad.

Skule- og barnehagegudstenesta til jul er godt innarbeidd. Barnehagen kombinerte dette med omvising i kyrkja, som var veldig kjekt. På skulegudstenesta var det fin deltaking ved born, både med lesing og musikk. Ein har inntrykk av at familiar med born frå andre kulturar og religionar også prioriterer desse samlingane. Elles er det vanleg fritaksrett.

I 2016 var det og klassar som var på besøk i kyrkja, og presten besøkte einskildklassar på skulen etter ønskje. Mellom anna med sorg og tap som tema

### **Eiklund – Hyllestad omsorgssenter**

Ein til to torsdagar i månaden er det andakt på Eiklund. Ein har ikkje kaffi ved desse samlingane. Frammøte har vore ganske godt, ikkje minst av di mange av dei som no er på omsorgsbustadane deltek. Dei kjem seg lett fram. Organist Erling Akse kjenner mange frå før, og i etterkant av andaktene vert det ofte ei ekstra songstund med forslag av dei eldre sjølve.

På institusjonen som heilskap, er det mange som ikkje er i stand til å komme på andakten. Då er det viktig at dei som ønskjer det kan få besøk av prest i etterkant. Personalet er flinke til å formidle det, og det har vore ganske mange slike besøk. Difor har ein og no lagt til rette for reine besøksdagar på einskilde torsdagar.

Kjekt er det òg at kvart konfirmantkull pleier å ha eit besøk på Eiklund for året, der dei syng, samtaler og har ei sosial stund med dei eldre.

Fleire eldre frå Eiklund møter trufast opp til gudsteneste i Øn kyrkje.

### **Diakoni**

Hyllestad sokn hadde ei stund prostidiakon i samarbeid med andre sokn i ytre Sogn. Samarbeidet tok slutt i februar 2015 då diakonen slutta. Etter det har diakonale tiltak avrensa seg til konfirmantane sin fasteaksjon, konfirmantane sitt besøk på Eiklund, samt dei faste andaktane på Eiklund omsorgssenter ved prest og organist.

Som det vart nemnt i årsrapporten i fjor har det komme oppmoding frå kyrkja sentralt at ein engasjerer seg i arbeidet med å ta vare på vår nye landsmenn.

I 2016 vart det etablert to statlege mottak i kommunen, eit i Øn og eit i Leirvik. I løpet av året var det eksempel på at nokon av desse ønskte å komme til kyrkja og høyre meir om kristen tru og liv. Dette innebar og noko undervisning. Kjekt var det og at utanlandsk ungdom deltok på ungdomsklubben «Solution». Mottaka var som kjent i drift berre knapt eit år.

Soknepresten var til stades på juleavlutninga for asylantar på Leirvik senter i desember, og hadde ei helsing der. Det er stort behov for meir engasjement på dette feltet.



## Misjon

Hyllestad sokn har misjonsprosjekt i Mali knytt til Det Norske Misjonsselskap. Ei trusopplærings-gudsteneste kvart år er også ei misjonsgudsteneste som i år var 16 oktober. I gudstenesta fortalde misjonskonsulent i NMS, Ingvald Andersen Frøyen, som er deltidsmisjonær i Mali. Om arbeidet der. Hyllestad sokn har i kyrkjene teke opp kr 9 925 i offer som er sendt til prosjektet.

## Kulturhelg

Helga 8.-10.april var det kulturhelg, med kunstutstillinga «Verdighet», i Hyllestad kyrkje. Kunstnaren sjølv, Mariann Westbø, frå Volda, sette ord på kva ho ynskte med bileta sine: At menneske med ulike erfaringar kan finne trøyst, styrke og håp.

Fredag kveld las Oddvar Etnestad, kyrkjeverje i Førde, egne dikt og song eit par songar. Han sa litt om kva bileta hadde gjort med han, kva dei hadde gjeve han.



Laurdagen knytte komponist Magnar Åm, også han frå Volda, musikk til bilda. Han sette fram eitt bilete om gongen, og improviserte så på flygelet; stemningar som bileta formidla til han. Dei som var til stades kunne leve seg inn i dette, og fleire gav utrykk for kva dei «såg» i bileta. Ikkje minst var kontrastane mellom mørke og lys framme. Her var det rom for ulike kjensler som kom fram

## Kyrkjelydsbasaren

2. oktober, er godt innarbeidd, og gav brutto kr.45 830,-. Takk til alle som har bidrege med vinstar, loddsal, loddkjøp og ikkje minst Åfjorddalen bygdekvinnelag som ordna med mat og kaffi på basardagen. Overskotet frå basaren, når utgifter til vinstar og bevertning er trekt frå, går til barne og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.



Barne- og ungdomsarbeidet er det viktigaste arbeidet i kyrkjelyden, og vi ser at born og unge finn seg til rette og kjenner seg heime i kyrkja. Hyllestad kyrkje har vorte ein naturleg samlingsstad for dei unge når dei møtest til ungdomsklubb annankvar fredag. Ei stor takk til dei friviljuge som stiller opp for ungdomane våre på denne måten.

**Julekonserten**, som er eit samarbeidsprosjekt mellom Hyllestad musikkråd og soknerådet, var i år i Øn kyrkje. Konserten vekslar mellom Hyllestad og Øn kyrkje og er eit kjærkome årleg innslag.

## Kyrkjeblad – Heimeside – Facebook

Kyrkjebladet kom tidlegare ut med fire nummer i året. Det er arbeidskrevjande å produsere bladet, difor har soknerådet bestemt at vi framover skal kome ut med tre nummer. Hyllestad

sokn kommuniserer med innbyggjarane i Hyllestad gjennom kyrkjebladet, heimeside ([www.hyllestad.kyrkja.no](http://www.hyllestad.kyrkja.no)) og Facebook. (søke på *Kyrkja i Hyllestad*).

### **Kyrkjer**

Orgla i kyrkjene fekk sårt tiltrengt stemming og litt vedlikehald. Orgelet i Bø kyrkje hadde sju orgelpiper som måtte inn til orgelverkstad i Bergen og bli reparert.

I Bø kyrkje vart eitt vindaug i våpenhuset vølt. Ein liten dugnadsgjeng gjorde ein innsats med lysekruna og anna før konfirmasjonen i mai.

Bø kyrkje er leig ut til St. Paul katolske kyrkje i Bergen som har gudstenester i kyrkja. Dette året hadde dei 8 gudstenester.

I Hyllestad kyrkje gjekk safen i vranglås og måtte erstattast med nytt brannikkert skåp. Der fekk vi endeleg på plass eit knefall som par som skal gifte seg og konfirmantar, kan knele på. Døypefonten fekk nytt understell med hjul. Det er no enklare å flytte den fram til midtgangen ved dåp.

Eit par skiferheller hadde losna frå tårnet i kyrkja og medførte ein liten lekkasje. Ved hjelp av innleigd lift med mannskap kom hellene på plass att. Vi fekk då teke ei synfaring av tårnet og festa nokre heller som var synleg lause. Dessverre har undertaket ein god del dårleg kvalitet. Det er difor fare for at fleire heller kan losne.

Øn kyrkje fekk vedlikehald på veggen framme i koret, både på utsida og innsida.

Området rundt Øn kyrkje fekk eit stort «løft» dette året. Først i byrjinga av april med dugnad i kombinasjon med innleigd folk med utstyr, fekk saga ned og kjørt bort busker og kratt. Seinare, på hausten, fekk vi skifta ut jorda inntil kyrkja med grus. I samband med arbeidet vart det oppdaga at takvatn hadde samla seg under sakristiet mot vegen. Dette fekk ein leia vekk. Vi fekk tak i ein rimeleg rullestolrampe i strekkmetall som vart montert, då den gamle trerampen var roten. På taket mot parkeringsplassen vart det montert netting/fangar som skal fange opp skiferheller som kan losne frå taket.



Øn kapell har fått «ny» altartavle. Soknerådet takka ja til altertavla frå i Sørbøvåg bedehus, fordi ein meinte denne passa betre som altartavle. Dette i samband med at Sørbøvåg bedehus vart avvigsla og selt. Altertavla er måla av forkynnar og kunstmålar Vilhelm Bjørknes frå Gulen (1884-1969). Den «gamle» altartavla er plassert på bakveggen i kapellet. Der heng også eit eldre blide med tekst over «Dei 10 boda» som vi og fekk frå bedehuset. Kapellrommet har med dette fått eit positivt løft i si utsmykking, og soknerådet takkar Øn indremisjon og styret for Øn bedehus for gåvene.

### **Kyrkjegardar**

Soknet leigde teneste til kyrkjegardsslått og vedlikehald av Åm Sognnes bygdeservise, og hos Hyllestad Bygg for opning og lukking av grav i samband med gravferder. Soknerådet er godt nøgd med utføringa av desse tenestene.

På Hyllestad gravplass har vi fått gjennomført festeavklaring på felt A, på oppsida av kyrkja. Gravminner frå graver som ikkje lenger er ønskt festa, er fjerna og destruert. Feltet skal påfyllast jord og omregulerast før ny gravlegging. Arbeidet er under planlegging og sendt til bispedømerådet for godkjenning.

Parkeringsplassen ved Bø kyrkje fekk sårt tiltrengt grus i samband med ein dugnadsinnsats der før konfirmasjonen 15. mai.

## Hyllestad sokn    Rekneskap 2016

Rekneskapen til Hyllestad sokn vert ført av Hyllestad kommune, og revidert av kommune-revisoren. Dette som ein del av tenesteytingsavtalen med kommunen, og det fungerer godt..

Hyllestad sokneråd sin rekneskap har fire funksjonar/tenester:

Kyrkjeleg administrasjon, Kyrkjer, Kyrkjegardar og Andre kyrkjelege føremål. Kommunen har finansieringsansvaret for all aktivitet under dei tre første funksjonane. Kommunen sitt økonomiske ansvar overfor den lokale kyrkja finn ein i kyrkjelova (KL) § 15, og gravferdslova § 3 «Kirkelig fellelsråd og kommunens ansvar.»

Aktiviteten under funksjonen/tenesta «Anna kyrkjeleg verksemd» er soknerådet sine oppgåver etter § 9 i kyrkjelova (KL). Her er det berre ved *Konfirmantarbeid* at det er lovpålagt kommunal delfinansiering. Kommunen har etter kyrkjelova § 15: ansvar for utgifter til *”lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring”*.

Inntektene er elles offer, gåver, tilskot, basar- og billettinntekter m.m. Offer og gåver finansierer utdelingsmateriell som til dømes dåpslys, fadderhelsingar og bøker som vert delte ut, som 4-årsbok, 6-årsbok og bibel. Soknerådet mottok statstilskot til trusopplæring, der ein har rapporteringsplikt til kyrkjerådet via bispedømmerådet.. Statstilskotet dekkjer ikkje alle utgiftene soknet har til trusopplæringsstillinga, så basarinntekter og offer fullfinansierer tiltaket med årleg om lag kr 30 000.

### Resultat – Inntekt - Utgift

Rekneskapen er, under dei tre funksjonane der kommunen har finansieringsansvar + utgifter til konfirmasjonsundervisning, avslutta med eit mindreforbruk på kr. 95 588.

Overskotet er heilt naudsynt for drifta i 2017, fordi soknerådet får same kronenummer i tilskot frå kommunen i 2017, som i 2016. Større inntekter enn budsjettet , lægre pensjonsutgifter enn budsjettet og stram budsjettstyring, er forklaringa til overskotet.

### Driftstilskot frå Hyllestad kommune:

Driftstilskotet frå kommunen er det som i hovudsak skal finansiere den lokale kyrkja i Hyllestad. Soknerådet har avgrensa inntektspotensial då ein ikkje har høve til å ta betaling for kyrkjelege tenester for medlemmer som er busette i soknet. Tilskotet var i 2016: Kr 1 554 000 (i 2015: 1 516 000) .

### KLP

Pensjonsutgifter er ein stor kostnad, også for soknerådet. Kostnaden er vanskeleg å budsjettere då det er ein reguleringspremie som kan variere mykje frå eitt år til det neste. Reguleringspremien betalar ein både for tilsette som er i arbeid og tidlegare tilsette som er slutta i arbeid.

## TENESTER–FUNKSJONER

### 04100 Kyrkjeleg administrasjon.

Hyllestad sokn er eit lovbestemt kyrkjeleg organ der forvaltingslova og offentlegheitslova gjeld. Kommunen har økonomisk ansvar for: KL §15 d) *driftsutgifter for fellelsråd og menighetsråd, berunder utgifter til administrasjon og kontorbold.* KL § 37 *Kirkebokføring.*

Soknerådet sine lovpålagte oppgåver kan ikkje gjennomførast utan ein administrasjon av ein viss – storleik, samt utstyr og programvare. Som kommunen er medlem av KS, er soknet medlem av KA (Kirkens interesse og arbeidsgiverorganisasjon). Kyrkjebokføring og føring av gravregister treng spesialutvikla program der ein, som til KA, også betaler årlege avgifter.

### 04200 Kyrkjer

Hyllestad kyrkje, Bø kyrkje, Øn kyrkje og Øn gravkapell.

Kommunen har økonomisk ansvar for: KL §15

*a) utgifter til bygging, drift og vedlikehold av kirker.*

Det er krevjande både for ein liten kommune og soknerådet å ha ansvar for ein stor bygningsmasse. Like fullt står bygningane der og kommunen har økonomisk ansvar og soknerådet praktisk ansvar. Tenesta går ut som budsjettert, men med lægre utgifter enn budsjettert på nokre budsjettpostar som pensjon og energi. Noko høgre inntekter er inntekt frå utleige av Bø kyrkje til St.Pauls Menighet. (Noko inntekter «heng att frå året før, 2015). Midlar til gode som m.a. gjorde det mogeleg å vøle eit vindauge i våpenhuset i Bø kyrkje, samt innkjøp av knefallsbenk og nytt understell til døypefonten i Hyllestad kyrkje.

#### 04300 (Kyrkjegardar) Gravplassar

Hyllestad , Bø og Øn gravplass.

*b) utgifter til anlegg og drift av gravplasser.*

Innsparing på «Kjøp av gravings» då det var uvanleg få gravferder dette året, berre 10 stk. Her blir inntektene frå stell av graver ført. Inntekter frå feste av grav vart dobla i høve budsjettet.

I tillegg til kyrkjegardsslått har vi med auka inntekter fått gjort noko vedlikehald. På Hyllestad fekk vi fjerna ein del gravminne frå graver på felt A som ikkje lenger var festa. Rundt Øn kyrkje vart det gjort ein del naudsynt vedlikehaldsarbeid.

Overskot under denne tenesta kjem godt med då det er svært mykje oppryddingsarbeid som står att, både med omsyn til festeavklaring og med fjerning av gravminne.

#### 044 ANNA KYRKJELEGE VERKSEMD (TIDLEGARE SOKNERÅDSAKTIVITET)

Her har vi funksjoner / tenester som, med unnatak av utgifter til konfirmantarbeid, vert «nulla ut» mot bundne driftsfond før rekneskapsavslutning. Dette fordi desse vert halde utanfor dei andre funksjonane der kommunen har finansieringsansvar.

Dette året hadde vi ei god auke i gåve og tilskot til eige arbeid.

Det årlege statstilskotet til trusopplæring i Hyllestad og Høyanger var kr 425 964. Tilskotet fullfinansierar ikkje tiltaket, og både Hyllestad og Høyanger har som nemnt eigenfinansiering i tillegg.

Under tenesta Barne- og ungdomsarbeid har vi dei to nye prosjekta: Base Camp (8140) og Ungdomsklubben (8150). Soknerådsleiar Jostein Ryland søkte, på vegne av soknerådet, og fekk tilskot frå Opplysningsvesenets fond via Bjørgvin bispedømmeråd. Tilskot på kr 25 000 til Base Camp og kr 50 000 til etablering av ungdomsklubben.

Kyrkjelydsbasaren gav brutto: kr 45 830

Offer til eige arbeid og gåver: kr 62 200

Dugnadsinntekter og sponing: kr 25 000

Under diakoni er inntekta kr 5 600 i hovudsak fast gjevarteneste.

Kyrkjelydsblad, bladpengar er kr 32 525 og annonseinntekter knapt kr 16 800.

Fasteaksjonen gav kr 23 823, og med offer er totalt kr 28 155 overført Kirkens Nødhjelp.

Kr 9 925 til Misjonsprosjektet og kr 38 272 til andre organisasjonar.

#### FOND

Etter forndsoppyrddinga i 2015 har no kvar si kyrkje sitt bundne gåvefond. Hyllestad kyrkje kr 7 379, Øn kyrkje kr 24 582 (styrkt med kr 10 000 i 2016), Øn kapell kr 31 557 og Bø kyrkje kr 36 393 (styrkt med kr 5 900 i 2016). Vi er takksame for gåver til kyrkjene då behovet der er stort.

Ulike tenester under 044 Andre kyrkjelege føremål, har også sine bundne driftsfond, der offer til eige arbeid og gåver vert inntektsført. Her brukte vi av fonda kr 24 669 og avsette kr 85 799 (der inntekt frå basaren er ein vesentleg del). Hjarteleg takk!

#### Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen går som den skal, i null.

Øn kyrkje – Vindauge og korparti kr 86 254. Øn kyrkje - taksikring kr 21 048.

Vi er takksame for investeringstilskotet frå kommunen.